



Haugland skulemuseum blir konsertlokale neste fredag.

Fredag 08.09.06 vert det skipa til musikk- og lyrikkveld i den gamle skulen på Haugland i Uskedalen.

Artistane vert Mona Vetrhus og Gjermund Fredheim,- begge frå Uskedalen.

Mona Vetrhus vart nyleg tildelt kulturstipend for 2006.

Ho har studert på forfattersudiet i Bø og jobbar no med mastergrad i litteraturvitenskap.

Mona har publisert dikt i ulike antologiar og vert omtala som ein ny lovande sunnhordlandsforfattar. Mona Vetrhus brukar tida si no på å fullføra arbeidet med si fyrste diktsamling,- truleg på Tiden forlag.

Gjermund Fredheim er klassisk gitarist. Gjermund har utdanning frå Musikklinja på Stord og er no student på Griegakademiet i Bergen. Han avsluttar utdanninga si med mastergrad.

Før den tid var han i mange år gitarelev på vår eigen kulturskule.

Gjermund har vore med på mange konsertar,- åleine og i gruppe.

Mona og Gjermund har øvd inn eit program som skal framførast på Haugland skulemuseum,- i eit intimt og særprega konsertlokale.

Det er Arbeidsutvalet for Haugland skulemuseum som er tilskipar.